

**RAPPORT FOR**

# **HUNDRE**

**LEIKARRINGEN I BUL OSLO 100 ÅR -  
JUBILEUMSFEIRING GJENNOM EIT HEILT ÅR!**

## **Innhald**

|                                   |           |
|-----------------------------------|-----------|
| <b>Introduksjon om Hundreleik</b> | <b>3</b>  |
| Økonomi                           | 3         |
| Informasjon og dokumentasjon      | 4         |
| <b>Sleppeleik</b>                 | <b>6</b>  |
| <b>Storleik</b>                   | <b>8</b>  |
| <b>Mimreleik</b>                  | <b>11</b> |
| <b>Hurraleik</b>                  | <b>12</b> |
| <b>Småleik</b>                    | <b>13</b> |
| <b>Hytteleik</b>                  | <b>14</b> |
| <b>Jubelleik</b>                  | <b>15</b> |
| Framsyningskappleik               | 15        |
| Dansefest på kvelden              | 16        |
| <b>Åremålsleik</b>                | <b>19</b> |
| <b>Oppsummering</b>               | <b>21</b> |

## Introduksjon om Hundreleik

Hundreleik er namnet på 100-årsjubileet til Leikarringen i BUL Oslo. Hundre år er stort og rundt og flott, så feiringa måtte jo vere noko ganske stort og rundt og flott. Det var vel omtrent det nemnda kom fram til når dei byrja planlegginga. Det skulle vere ein stor fest med dans og moro, men som berre var ein mange tilskipingar året rundt, og alt saman skulle vere flott og kjekt for både dei som deltok og stelte til.

Nemnda tok tidleg eit strategisk val om å utnytte dei allereie eksisterande arenaene og tilskipingane Leikarringen har med tanke på jubileumsfeiringa, det har resultert i at feiringa har bestått av åtte arrangement i perioden 14.11.18-14.11.19:

- Sleppeleik 14. november 2018 - Lansering av programmet for Hundreleik og dansefest
- Storleik 5. januar 2019 - Stordanskveld
- Mimreleik 26. mars 2019 - Kveld med kake, kaffi, danseinnslag og tilbakeblikk
- Hurraleik 17. mai 2019 - 17. mai-feiring
- Småleik 21.-23. juni 2019 - Barnestemne i samarbeid med fleire andre organisasjonar
- Hytteteik 23.-25. august 2019 - Hyttetur til Bondehytta
- Jubelleik 26. oktober 2019 - Jubileumsfest med framsyningskappleik og stor dansefest
- Åremålsleik 14. november 2019 - Høgtidelig markering med talar, framsyningar og dansefest

Jubileumsnemnda har bestått av Solveig Brekke Hauknes, Torbjørn Bergwitz Lauen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Rune Hernes Bjerke, Karianne Johansen og Anne Cathrine Johansen. Nemnda hadde sitt fyrste møte 28.11.2017, og hatt arbeidsmøter jamnt og trutt gjennom dei to åra med planlegging og gjennomføring av arrangementa. I tillegg har vi fått god hjelp av einskildpersonar til ulike oppgåver knytt til kvar av tilskipingane i jubileumsåret.

Det har vore gamle minner, nye minner, gamle folk, nye folk, gamle songar, nye dansar, og mykje kake heile året. Og litt sveitte og nokre få tårar - men mest dei som kjem av gleda over å møtast i gode lag! Alt i alt ei sær velling jubileumsfeiring.

## Økonomi

**Hovudansvarlig frå nemnda:** Karianne Johansen.

Hundreleik har vore eit omfattande prosjekt. Både innhaldsmessig og økonomisk. Under mandatet til nemnda, låg òg den økonomiske planlegginga og oppfølginga for seks av åtte arrangement. Økonomiane for Hurraleik og Småleik blir ikkje omfatta av rekneskapen for Hundreleik.

Det var nødvendig å oppretta prosjektkonto, både for å avlasta styret og for å ha best mogleg oversikt gjennom jubileet.

Det økonomiske grunnlaget for jubileumsåret var basert på avsette medel for Hundreleik frå Leikarringen sjølv og hovudlaget, billettinntekter på arrangement, og tilslag på søknader om stønad frå ulike interne (BUL Oslo) og eksterne støtteordningar.

Eksterne støtteordningar vi fekk tilslag for var frå Oslo kommune, Rådet for folkemusikk og folkedans (RFF) og Bygdelagssamskipnaden i Oslo. I tillegg så er det søkt om prosjektmiddel via BUL Oslo. Søknader som er sende, men som har fått avslag er ved Kulturrådet, Sparebankstifelsen DNB og Oslo Nye Sparebanks Fond .

Ambisjonen om eit null-resultat for Hundreleik var ikkje innanfor rekkevidde ut frå dei planane og ambisjonane som vart lagt undervegs. Nemnda/styret har vore samde om prioriteringane. Så heile Hundreleik har gått med eit solid underskot ut frå dette utgangspunktet.

På fleire av arrangementa nytta vi billettsystemet TicketCo og bankterminal, som vi fekk tilgang på via lagskontoret.

*Rekneskapet følger vedlagt.*

## **Informasjon og dokumentasjon**

**Hovudansvarlege frå nemnda:** Anbjørg Myhra Bergwitz og Torbjørn Bergwitz Lauen

Nemnda har nytta nettsida [hundreleik.no](http://hundreleik.no) til å promotere Jubileumsåret, i tillegg til å nytte Leikarringen si eiga nettside. Torbjørn Bergwitz Lauen stod for den grafiske profilen for Hundreleik, og ein hadde til hensikt å skape ein eigen Hundreleik-identitet. Dette har prega informasjonen kring jubileet frå starten.

Det vart produsert opp postkort som vart delt ut på festivalar sommaren 2018, med ei tidslinje som illustrert alle dei åtte arrangementa. Desse postkorta vart òg sendt i posten til alle medlemmer i Leikarringen med ein invitasjon til å delta på arrangementa. Nemnda fekk mange positive attendemeldingar på dette grepet i ei ellers digital tid.

I forkant av alle arrangementa kjørte vi promotering i sosiale medier (facebook og instagram), skjermbilete utanfor Teatersalen, e-post til enkeltpersonar, medlemmer og andre lag. Og i forkant av nokre arrangement oppsøkte vi andre lag sine øvingar. Vi hadde òg nokre lysingar i bladet Folkemusikk, samt ein artikkel i bladet Ungdom.

### **Film og bilete**

Nemnda har frå starten av vore opptatt av å dokumentere heile Jubileumsåret i film og bilete, samt på sosiale medier. Det har vore prioritert å ta gode bilete og film av alle arrangementa. Dette for å kunne skape blest om sjølve jubileumsåret, dokumentere folkedans generelt, men òg til bruk for Leikarringen i framtida.

Bileta er lagt ut i album på [Leikarringen sin Flickr-konto](#) og på [Leikarringen sin facebook-side](#).  
 Filmene er publisert på [Leikarringen sin YouTube-konto](#). I tillegg er det gjengitt under nokre andre kilder.

**Fotografar:** Thor Hauknes, Terje Svindseth, Sindre Seppola Reed, Runhild Heggem, Ingvil Skeie Ljones og Anbjørg Myhra Bergwitz.

**Filmfotografar:** Thor Hauknes, Maja Wilhite-Hannisdal, Torbjørn Bergwitz Lauen

| Arrangement      | Bilete  | Film   |
|------------------|---|--|
| HEILE HUNDRELEIK | Fotoalbum:<br><a href="https://flic.kr/s/aHsmKKLdLu">https://flic.kr/s/aHsmKKLdLu</a>   | Oppsummering av heile jubileumsåret:<br><a href="https://youtu.be/fdnCjKd_yR4">https://youtu.be/fdnCjKd_yR4</a>  |
| SLEPPLEIK        | Fotoalbum<br><a href="https://flic.kr/s/aHskK4wUz">https://flic.kr/s/aHskK4wUz</a>  | Speleliste (3 klipp)<br><a href="https://www.youtube.com/playlist?list=PLpPrph1fdpL6Eb5uE8pjk_ONsOgLghk_C">https://www.youtube.com/playlist?list=PLpPrph1fdpL6Eb5uE8pjk_ONsOgLghk_C</a>  |
| STORLEIK         | Fotoalbum<br><a href="https://flic.kr/s/aHsmYRKtA">https://flic.kr/s/aHsmYRKtA</a>  | Film i forkant:<br><a href="https://youtu.be/5CSSlOvUKPE">https://youtu.be/5CSSlOvUKPE</a><br>Speleliste (totalt 10 klipp):<br><a href="https://www.youtube.com/playlist?list=PLpPrph1fdpL6JLB43_ZLsMeDVymHm1Htx">https://www.youtube.com/playlist?list=PLpPrph1fdpL6JLB43_ZLsMeDVymHm1Htx</a>   |
| MIMRELEIK        | Fotoalbum<br><a href="https://flic.kr/s/aHsmHYV7m3">https://flic.kr/s/aHsmHYV7m3</a>  | Klipp av heile kvelden:<br><a href="https://youtu.be/7MiUVA-X_I">https://youtu.be/7MiUVA-X_I</a>   |
| HURRALEIK        | Fotoalbum:<br><a href="https://flic.kr/s/aHsmczwt7n">https://flic.kr/s/aHsmczwt7n</a>   | Livestream på facebook:<br><a href="https://www.facebook.com/Leikarringen/videos/1918107211628293/">https://www.facebook.com/Leikarringen/videos/1918107211628293/</a>   |
| SMÅLEIK          | Fotoalbum:<br><a href="https://flic.kr/s/aHsmKKCY1L">https://flic.kr/s/aHsmKKCY1L</a>   | Kortversjon: <a href="https://vimeo.com/346097654">https://vimeo.com/346097654</a><br>Lang versjon - <a href="https://vimeo.com/346097087">https://vimeo.com/346097087</a>   |
| HYTTELEIK        | Fotoalbum:<br><a href="https://flic.kr/s/aHsmJ1y1Jc">https://flic.kr/s/aHsmJ1y1Jc</a>   | Film i forkant: <a href="https://youtu.be/K2pviX_fMIY">https://youtu.be/K2pviX_fMIY</a>  |
| JUBELLEIK        | Framsyningskappleiken:<br><a href="https://flic.kr/s/aHsmHZdgTT">https://flic.kr/s/aHsmHZdgTT</a><br><br>Dansekvelden:<br><a href="https://flic.kr/s/aHsmHZ1b57">https://flic.kr/s/aHsmHZ1b57</a> | Film i forkant:<br><a href="https://www.facebook.com/Leikarringen/videos/2368043956787294/">https://www.facebook.com/Leikarringen/videos/2368043956787294/</a><br>Speleliste frå framsyningskappleik (8 klipp):<br><a href="https://www.youtube.com/playlist?list=PLpPrph1fdpL42oNRZ_5lel2czgW3iSpZs">https://www.youtube.com/playlist?list=PLpPrph1fdpL42oNRZ_5lel2czgW3iSpZs</a> |
| ÅREMÅLSLEIK      | Fotoalbum:<br><a href="https://flic.kr/s/aHsmJsB3ZB">https://flic.kr/s/aHsmJsB3ZB</a>   |  |

# Arrangementa

## Sleppelek

**Dato:** 14. november 2018

**Ansvarlege for arrangementet:** Hundreleik-nemnda

**Stad:** Oslo ladegård

Sleppelek var første tilskiping for Leikarringen sitt 100-års-jubileum. Dette skulle både markere skipingsdatoen for 99-åringen, og ikkje minst introdusere programmet og kvar einiskild av tilskipingane for resten av Hundreleik.

### Involverte personar

- **Musikarar:** Vegar Vårdal og Bjørn Kåre Odde
- **Andre innslag:** Dansarar frå BULder & Brak dansa under presentasjonen
- **Fotograf:** Thor Hauknes

Presentasjonen av programmet vart fordelt på dei ansvarlege i nemnda. Grunna sjukdom vart Torbjørn sine presentasjonar overteke av Solveig, Rune og Anbjørg. Og det fordelte seg slik:

- Musikalsk intro, v/ Vegar og Bjørn Kåre
- Åpning av kvelden, leiar i Leikarringen Audun Grüner-Hegge
- Overordna presentasjon frå nemnda, Solveig
- Billettinformasjon, Karianne
- Storleik, Rune
- Mimreleik, Rune
- Hurrleik, Audun
- Småleik, Solveig
- Hyttleik, ansvarleg for Hyttleik Astrid Skringo
- Jubelleik, Solveig og Anbjørg
- Åremålsleik, Audun

Etter dette vart det sunget bursdagssongen for 99-åringen, etterfulgt av bursdagskake, servert av leiar Audun, og kaffi m.m. For å komme i gang igjen etter pausen dro Rune opp med «Tora Liti» i stordans, som hadde blitt valgt som visa som folk kunne lære seg til neste tilskiping, Storleik, 5. januar. Etter dette blei det dans. Musikarane var i storslag, og det ble flott stemning og intimt på dansegulvet. Kvelden vart avslutta som tradisjonen tro med broderring.

### Oppsummering

Nemnda såg seg godt nøgd med arrangementet denne kvelden. Nesten alt gikk etter planen, selv med sjukdomsforfall. Med god hjelp fra styret rigga vi opp og ned, og alle bidro godt. Det var udelt

positive tilbakemeldinger frå dei som deltok på arrangementet, som vart til saman om lag 80 personar. Det einaste som var negativt var at det var for få kakebakere som hadde meldt seg, både fra den aktive ringen og Søndans som hadde blitt spurt. Så det ble en ekstrakostnad ved å kjøpe inn bursdagskake og litt ekstraarbeid for oss i nemnda for å få nok.

Oslo Ladegård fungerte veldig godt for arrangementet. Rammene gjorde at det ga en ekstra verdighet og høgtid over kvelden. Infrastrukturen på rommene gjorde at vi fikk fordelt dei ulike delene av programmet på forskjellige rom, slik at logistikken ift. rigging, kakespising og dans ikkje kom i vege for kvarandre. På denne måten gjekk arrangementet smidig for seg. Vi hadde også fått en god pris for leie, da også neste tilskipping, Storleik, skulle være på samme sted. Vertskapet på Ladegården var også hjarteleg tilstades på arrangementet.

# Storleik

**Dato:** 5. januar 2019

**Øvrige ansvarlege for planlegging og gjennomføring:** Stordansnemnda v/ familane til Hernes-syskenborna Torunn, Signe-Marie, Steinar og Guro.

**Ansvarleg frå nemnda:** Rune Hernes Bjerke

**Stad:** Oslo ladegård

Tilskipinga Storleik byggjer på ein tradisjon som ei gruppe einskildpersonar med bakgrunn frå Leikarringen (heretter: stordansnemnda) har halde ved like sidan tidleg på 1990-talet – «Stordanskvelden». Formålet er å halde oppe og spreie færøydansen (stordansen) som aktiv danseform i Oslo og Noreg. Stordanskvelden har heile tida gått av stabelen den første laurdagen etter årsskiftet. Valdresstua i Oslo har vore ideell ramme fram til lokala blei stengd i 2016. I 2017 og 2018 hadde ein stordanskveld i Nordahl Brunsgt. 22, men det viste seg vanskeleg å skape den same atmosfæren der. For detaljar rundt det formelle tilhøvet til Oslo kommune (Oslo Ladegård), sjå kontrakt.

Jubileumsnemnda avtalte med stordansnemnda at denne tilskipinga kunne gå inn i jubileumsåret under namnet Storleik. Datoen vart sett til laurdag 5. januar 2019. Jubileumsnemnda la denne tilskipinga inn i kontrakten med Oslo Ladegård, sidan både stordansnemnda, jubileumsnemnda og Ann-Katrin Olsen på Oslo Ladegård var samde om at ladegården ville vere ei ypparleg ramme om ein slik kveld.

Stordanskvelden har hatt eit fast programopplegg, og dette blei nytta også på Storleik:

- Gjestane kjem klokka 18 og blir servert ein kopp gløgg. Deretter kan dei småprate med dei andre gjestane.
- Etter om lag ein halv time blir det ønskt velkomen og alle går til bords. Under bordsetet blir det servert risgraut med spekemat og saft.
- Etter bordsetet startar dansen. Ulike skiparar tar opp viser dei har førebudd.
- Om lag klokka ni er det pause for alle, der serveringa er julekaker gjestane har tatt med heimanfrå (og kaffi/te). Det er kunnskapstevling og kanskje noko underhaldning i pausen.
- Deretter dansar ein vidare til kvelden er slutt ved midnatt.

Storleik nytta også dette konseptet.

## Påmelding og billettsal

- Påmelding skjedde ved at ein nytta førehandssal av billettar gjennom Bondeungdomslaget sitt billettsystem. For å sikre at dei som er faste deltakarar på stordanskvelden skulle få høve også denne gongen, fekk dei informasjon om billettslepp kort tid før dette blei kunngjort på internett. Karianne satte opp dette systemet.



- Det blei avtalt at stordansnemnda også i år skulle vere hovudnemnd og såleis gå gratis på tilskipinga, trass i at dei er relativt mange (medrekna ungar). Jubileumsnemnda gjekk også gratis, og var i praksis eit verdifullt tilskot til stordansnemnda under gjennomføringa.
- I tråd med brannreglementet på Oslo Ladegård var det sett eit tak på 120 deltakarar. Denne grensa var absolutt og ville omfatte alle som skulle vere til stades, t.d. representanten frå Oslo kommune.
- Billettkontroll fann stad innanfor inngangsdøra i kjellaren. Her fekk gjestane også høve til å reservere seg mot å bli fotografert/filma i løpet av kvelden, i tråd med personvernreglane.

### **Rigging på sjølve dagen**

- Det var naudsynt å setje ut bord og stolar til bordsete og deretter dekkje borda, og sjølvsagt sjå til at ein hadde plass til alle gjestane. Nokre møbel måtte også flyttast ut i eit siderom. For å få tid til alt dette, medan førebuing av mat fann stad på kjøkkenet, møttest nemnda klokka tre.

### **Lokala**

- Storleik nytta salane i hovudetasjen til velkomst, bordsete og tilskipingane i pausen:
  - Gløggserving i rommet rett opp for trappa frå kjellaren.
  - Underhaldning i den umøblerte salen ved sidan av kjøkkenet.
  - Bordsete i tre salar/rom av ulik storleik mot sør. Hjørnerommet i søraust blei berre nytta som møbellager.
- Dansen gjekk føre seg under steinkvelvingane i kjellaren, som den ansvarlege frå Oslo kommune hadde sytt for å varme opp på førehand. Dette er ein føresetnad på denne tida av året om ein skal ha romtemperatur som gjer at folk kan sitje i ro.

### **Dansane**

- Stordansen, som er kjernen i tilskipinga, er heilt avhengig av gode og mange nok skiparar. Tilfanget av skiparar er innarbeidd over år, og normalt er det mellom fem og ti personar som tar opp ei eller fleire viser i løpet av kvelden.
- Til Storleik var det lagt opp ei vise som alle skulle ha høve til å lære seg på førehand, «Tora liti». Visa blei lansert på Sleppeik, og deretter la nemnda opp til at ein skulle lære seg to vers kvar veke fram til Storleik. Dette blei også ein del av blestinga av Storleik, ettersom Anbjørg la opp til ei løysing der versa blei slept regelmessig utover hausten via sosiale medium.

### **Underhaldning og innslag**

- Etter framlegg frå ein av foreldra, blei ei songgruppe med unge kvedarar, leia av Øyonn Groven Myhren, invitert til å framføre eit program etter at gløggen hadde vore servert.
- Ann-Katrin Olsen frå Oslo kommune gav både eit historisk tilbakeblikk på kva Oslo Ladegård er og har vore dei siste hundreåra.

- I pausen kåserte Gunnar Rogneflåten rundt Sinclair og slaget ved Kringen, der han også knytte trådar til Oslo Ladegård.
- Guro Hernes hadde førebudd og gjennomførte kunnskapstevling med tema frå viselitteraturen, både for dei unge og dei vaksne.

### **Fotografering/film**

- Jubileumsnemnda gjorde avtale med Thor Hauknes, som sytte for at kvelden blei dokumentert gjennom film og stillbilde. Produksjonen er av høg kvalitet og representerer eit viktig stykke dokumentasjon av norsk dansetradisjon.

### **Oppgåvefordeling undervegs**

- Som ein del av velkomsten delte stordansnemnda ut arbeidsoppgåver etter dugnadsprinsippet (servering og påfyll av graut, drikke, kaker og frukt, kaffikoking mv).

### **Innkjøp**

Sjå rekneskap for oversikt over kva som måtte kjøpast inn av mat, drikke og anna.

### **Oppsummering**

Alt i alt fungerte Oslo Ladegård svært godt til ei slik tilskiping. Sjølv om stordanskvelden er innarbeidd, krev han relativt mykje praktisk innsats i gjennomføring av kvelden. Det er viktig at alle får høve til å danse, sjølv om dei er i nemnda eller har dugnadsoppgåver. Det fungerte greitt også denne gongen, sjølv om lokala var nye (med unnatak av gjennomføring av Sleppelek).

Tilhøvet til Oslo kommune er godt, særleg fordi båe partar ser at dette er ei vinn/vinn-tilskiping: Ein gjer Oslo Ladegård kjend blant folk som har ein spesiell relasjon til mellomalderen, og samstundes bidreg til å halde liv i færøydansen. Ann-Katrin Olsen er eit viktig kontaktpunkt mot Oslo kommune i så måte.

## Mimreleik

**Dato:** 26. mars 2019

**Hovudansvarleg frå nemnda:** Torbjørn Bergwitz Lauen

**Stad:** Teatersalen, Rosenkrantz´ gate 8

Mimreleik vart arrangert i mars med fokus på Leikarringens historie fram til i dag. Hendinga vart lagt til ein tysdag i vanleg øvingstid i Teatersalen for å kunne trekke til seg nokre av dagens medlemmer, og ikkje berre eldre medlemmer. Det var fri inngang for alle som ville kome. Omlag 80 personar var tilstades i salen.

Dørane opna kl. 19:00 til ein sal dekorert med bilete og gamle gjenstandar Leikarringen har opparbeida seg gjennom åra. Anne Cathrine Johansen og Karianne Johansen gjorde ein god innsats i å finne fram alle gjenstandane og bileta. Vart òg satt opp eit lerret og lysbileteapparat til å syne fram gamle lysbilete.

19:30 tok hovudprogrammet til. Det var satt opp som eit slags prateprogram der Mette Vårdal var ordstyrar og programleiar, medan Edvard Lauen, Norunn Dale Seland og Audun Grüner-Hegge sat i sofaen og mimra attende. Torbjørn B. Lauen opna med eit kjapt føredrag om Leikarringen sine første 50 år før panelet tok over.

Det var tre danseinnslag i programmet:

- Første danseinnslag var BULder og brak som dansa halling, med Elise Tegnér som spelmann.
- Andre innslag var Falkvor Lommannsson med Rune Bjerke, Signe Marie Hernes Bjerke, Steinar Hernes, Astrid Skrindo, Torbjørn B. Lauen, Marta Lindvik, Audun Grüner-Hegge, Anbjørg Myhra Bergwitz, Simon Løvald, Solveig Brekke Hauknes, Tore Steigen, Lisa Grav Henriksen, Audun Brekke Skrindo, Anne Cathrine Johansen, Eirik Pettersen og Ingebjørg Skrindo.
- Siste danseinnslag var Finnskogpols med alle dei som ville/kunne i salen, med Elise Tegnér som spelmann.

Til panelsamtalene vart det òg laga ei bileteframsyning som gjekk på storskjerm i bakgrunnen. Bileta vart henta inn av nemnda frå fleire ulike kjelder i laget. Midt i programmet var det ei pause med kaffi og kaker slik at ein fekk litt tid til å sjå på alt som var satt fram i salen. Det heile vart avslutta med broderring, og noko uortodoks, etterfulgt av songdans eit lite bel etterpå.

Heile kvelden vart filma sjølv om lyden vart dårleg. Terje Svindseth tok foto i løpet av kvelden. Lagskontoret stilte med teknikar for lyd og lys.

Hendinga vart særers vellukka, både nemnda og dei deltekande såg seg nøgd med gjennomføringa. Det kom mange fleir enn venta, noko som gjorde at alt arbeidet i framkant var vel verdt strevet.

# Hurraleik

**Dato:** 17. mai 2019

**Hovudansvarleg for arrangementet:** Styret i Leikarringen

**Kontaktperson frå nemnda:** Solveig Brekke Hauknes

Hurraleik skulle vere 17. mai-feiring med Leikarringen med eit ekstra gir, og skulle innehalde dei faste programpunkta.

## Dans opp Karl Johans gate

Nemnda satte seg tidleg i planlegginga ambisjonen om å vere 100 dansarar opp Karl Johan på 17. mai. Dette krevde ei ekstra innsats for å rekruttere dansarar. Vi sendte ut e-poster til kringliggande lag, dansarar som har vore med på 17. mai dei siste åra og vener av Leikarringen. Karianne og Anne Cathrine gjorde ei ekstra innsats med å besøk andre ringar i Oslo og omegn, for å invitere dei med på markeringa. Dette ga resultat og vi endte med 144 dansarar opp Karl Johans gate morgonen på 17. mai.

Programmet vart tidleg satt og formidla til andre lag slik at dei óg kunne førebu seg, og det vart satt av to dedikerte tysdagsøvingar i forkant til 17. mai-øving.

Danseleiarar var Vegar Vårdal og Solveig Brekke Hauknes. Musikarane var Tonje Lien Barkenæs og Stein Magne Eggen. Heile dansen opp Karl Johan vart direktesendt på Facebook.

## Dans på Ensjøtunet

Tradisjon tru hadde 30 dansarar frå Leikarringen ei oppvising på Ensjøtunet om ettermiddagen, til god fornøyelse for bebuarane der. Signe Marie Hernes Bjerke som stod for koordineringa og Elise Tegnér var muskar.

## Brusteinsball på Universitetsplassen

Om kvelden vart det tradisjonelle Brusteinsballet arrangert på Universitetsplassen. Vegar Vårdal leidde dansen frå scena med hjelp av dansarar frå Leikarringen. Vegar spelte også, saman med Bjørn Kåre Odde, Åsmund Reistad, Olav Christer Rossebø og Linn Andrea Fuglseth. Mange av Leikarringen sine medlemer deltok i dansen.

I tillegg til dei faste punkta dansa ei gruppe på ti dansarar frå Leikarringen for TV2 i Slottsparken tidleg på morgonen, og synte fram bunadar. Jon Brodal var med som muskar. Leikarringen var òg bidragsytar på Snapchat-kontoen FolkemusikkNoreg i morgontimane denne dagen.

## Småleik

**Dato:** 21.-23. juni 2019

**Kontaktpersonar frå nemnda:** Solveig Brekke Hauknes, Torbjørn B. Lauen, Anbjørg M. Bergwitz

**Stad:** Apalløkka skule, Norsk Folkemuseum

Det er laga ein eigen rapport for Småleik med fleire detaljar kring arrangementet. Leikarringen sitt bidrag inn i Småleik gjekk særskilt på grafisk profil, informasjon og kommunikasjon på nettside og i sosiale medier, samt dugnadsbidrag under sjølve gjennomføringa av arrangementet. Fleire av nemndas og styrets medlemmer inngjekk i sentrale grupper som stod for planlegginga av Småleik.

Sjå elles rapport frå Småleik som vedlegg.

# Hytteleik

**Dato:** 23.-25. august 2019

**Hovudansvarleg for arrangementet:** Astrid Skrindo

**Kontaktperson frå nemnda:** Anne Cathrine Johansen

**Stad:** Bondehytta

Turar til Bondehytta ved Ørfiske har vore ein viktig aktivitet for i Leikarringen i 100 år! Kva var vel meir naturleg enn at ein hyttetur vart inkludert i jubileumsprogrammet?

Omlag 35 deltakarar var med på Hytteleik, nokre på dagstur, andre overnatta ei natt og nokre begge netta. Sondag morgon var vi omlag 30 til frukost!

## Hovudprogrammet laurdag

- Bading i Ørfiske
- Leikiade: Kreativ gruppetevling der deltakarane fann nye løysingar for å hente vatn og ved, pynte til fest og til å underhalde
- Slåball og Boksen går
- Grillmiddag med premieutdeling
- Dans
- Kaffi og kaker

Mange i Hundrenemda bidro til både planlegging og gjennomføring, særleg Anne Cathrine Johansen. Som alltid på Bondehytta delte alle som var med på dei praktiske oppgåva slike som hente vatn, oppvask, lage mat, tømme do osv.

Det vart innkravd egenandel for helga; fredag-søndag kr 150,-, lørdag-søndag kr 120,-, dagstur inkludert middag kr 100,-. Barn under 12 år gratis

Hytteleik var særst vellukka. God stemning, strålande ver og folk i alle aldre (ca 2-80 år). Omlag alle senger var opptatt, golvet i stova var fullt av ungdom som ikkje søv stort, folk sov i smørebod og på veranda, alle bidrog. Kort oppsummert: Ein strålande hyttetur slik berre turar på Bondehytta kan vere!

## Jubelleik

**Dato:** 26. oktober 2019

**Stad:** Det Norske Teater, Nynorskens hus og Kaffistova

Jubelleik skulle vere det største arrangementet i Hundreleik. Ein var innom tanken om å kombinere ein stor dansefest med både kurshelg, forestiling, dans både fredag og laurdag. Og det vart også jobba ein stund med tanken om å ha eit eige tingingsverk i samarbeid med Kultivator. Diverre fekk ein avslag på søknad om stønad til Tingingsverk.

Digre planar vart nedskalert til ein stor festdag med framsyningskappleik på føremiddagen på Det Norske Teater og påfølgande dansefest i Nynorskens hus, med dans for ein kvar smak, mat på fjøl og med dansen i fokus!

Vi valde etterkvart å engasjere Lisa Grav Henriksen, som koordinator for Jubelleik og Gyda Gaarder Tøraasen som ansvarleg for mat og frivillig. Saman med nemnda gjorde dei ei uvurderleg innsats for å få landa Hundreleik sitt største arrangement - Jubelleik. Tilbakemeldingane frå dei som var med på dagen oppfylde visjonen om at denne dagen skulle vere ein festdag der både nye og gamle medlemmer kjende seg igjen.

## Framsyningskappleik

Framsyningskappleiken er ei tevling som blei innført på NU-stemna på 80-/90-talet, men som ikkje har blitt gjennomført på ein del år no. Leikarringen har tidlegare vunne tevlinga fleire gonger, så det var med nostalgiske briller på at me ønskte å arrangere denne tevlinga på nytt i samband med jubileet.

Sjølve tevlinga blei gjennomført på Det Norske Teatret på scene 2, men vi fekk bruke store deler av bygget til øvingslokaler m.m. Teatret stilte med vakter/billettørar, noko som gjorde gjennomføring mykje lettare enn forventa. Lønsj til deltakarane fekk vi tinga gjennom restaurant Løve på teatret.

### Deltakande lag

- Leikarringen i BUL Oslo
- BULder og brak, BUL Oslo
- TrøBUL, BUL Oslo
- BUL Sarpsborg
- Folkedanslaget Näverluren, Gøteborg
- BUL Kongsberg
- Haugtussa Leikarring, Larvik
- Barnelaget i Oslo
- Norsk Folkemuseums Dansegruppe

Det var stor breidde i alder, geografi og innhald i innslaga. Vi set særleg pris på at Näverluren tok turen heilt frå Gøteborg for å feire saman med oss. Näverluren vant òg publikumsprisen medan BUL Sarpsborg vann domarprisen. I tillegg vart det delt ut ulike prisar til dei andre laga slik at alle drog heim med ein sigersdiplom.

Å telje deltakarar og publikumarar endte opp med å bli særst vanskeleg. Nokre av laga var det vanskeleg å få skikkeleg svar frå, nokre deltakarar deltok på opptil tre ulike lag, og det var ikkje alle som kjøpte dagsbillett som faktisk kom for å sjå tevlinga. Dei offisielle tala er 73 publikummarar, 124 deltakarar og musikarar, 3 domarar, 2 programleiarar og 4 frivillige. Truleg var det mange fleire publikumarar enn vi fekk registrert. Det var plass til 150 publikumarar i salen, og det var stort sett fullt. Til tider måtte ein skilde deltakarar stå ute og vente på å få plass inne for å sjå.

### **Involverte personar**

- **Programleiarar:** Sigrid Kjøbli og Henrik Kamphus
- **Dommarar:** Tone Ingvaldsen, Trine Sjølyst og Egil Bakka
- **Frivillige:** Anne Cathrine Johansen, Rita Sirirud Vatnehol, Synnøve Bryde og Anja Brænd
- **Hovudansvarleg frå nemnda:** Torbjørn Bergwitz Lauen

## **Dansefest på kvelden**

Etter framsyningskappleiken forstatte kvelden i Nynorskens hus. Dørane opna kl. 18:00 og kvelden vart avslutta ca. kl. 01:00 med broderring. Heile 280 besøkande var med denne kvelden.

### **Frivillige og mat**

Det blei engasjerte ein gjeng med frivillige frå Leikarringen og ein hadde fokus på å få med ein del av dei nye dansarane i Leikarringen, slik at dei fekk eigarskap til arrangementet. Det vart satt opp detaljerte lister over arbeidsoppgaver som skulle gjerast både fredag ettermiddag (innkjøp, pynt og rydding), laurdag (førebuing, mat, billettluke, gjennomføring m.m.) og søndag (opprydding).

Ettersom dansen skulle stå i fokus valde ein å ikkje ha en middag der folk satt ned på langbord, med lange talar. Derfor ble tradisjonen med “mat på fjøl” tatt opp igjen. Fjølene blei kjøpt på IKEA og så blei dei sendt til Østfold Trykkeri fekk brent inn Hundreleik-logoen på dei. Dette fekk gjestane med seg som minne frå kvelden. Det blei bestilt fingermat frå Club Maccoroni, og maten vart servert i lagsrommet. Det var deileg mat, som fekk mykje skryt - men det endte med ein god del restar.

Ein forsøkte å få kakebakarar blant medlemmer, nokre melde seg, men for å dekke opp for litt fleire kaker blei dei bestilt kaker og kaffi frå Elvebredden catering. Vi fekk låne kjeler frå Kaffistova til å varme pølser til nattmat. Nattmaten samt ein del eingongsartiklar blei bestilt frå Kolonial.no. Det letta arbeidet betrakteleg for det frivillige at ein bestilte slike ting frå Kolonial.no. Ettersom det blei



såpass mykje rester etter fingermaten, kunne ein nok ha sløyfa nattmaten. Kaker derimot, kunne ein hatt fleire av.

## **Lokalar**

Det blei gjort ein stor dugnadsinnsats fredag kveld med å rydde Nynorskens hus klart for fest, noko som kom til nytte for resten av laget i etterkant av arrangementet. Sigrid Kjøbli tok ansvaret for å pynte lokala saman med nokre av dei andre frivillige fredag kveld. Jøran Nenseth frå lagskontoret hjalp til med lyd og lys.

Vi brukte Teatersalen som hovudarena heile kvelden. Maten vart servert i Lagsrommet frå 19:30-20:30, før ein rigga til for dans der seinare. På galleriet i Teatersalen satte vi opp stoler og bord så folk kunne spise mat og ta ein pust i bakken der. I ein periode hadde vi også kjelleren i Kaffistova tilgjengeleg til lagringsplass og spiseplass - her betalte vi leige for å ha tilgang. Muskarane nytta scena i Teatersalen medan dei spelte til dans, og scena blei også brukt til framsyning av vinnarnummeret frå Framsyningskappleiken.

## **Musikarar og andre innslag i løpet av kvelden**

Nemnda ville skape ein dansefest der alle kjende seg heime, difor var det ein variert gjeng med musikarar og danseleiarar som holdt deg danselystne i gong gjennom kvelden.

Desse muskarane spelte på festen: Lendmen, Vegar Vårdal, Ole Nilssen, Åsmund Reistad, Maria Skjeldrum Toppe, Kristoffer Kleiveland, Runar Hanevold, Pål Bratås, Åsmund Fauske Jøtun, Per Sandberg, Brøst. I tillegg var det leia turdans og songdans av Steinar Hernes og Guro Hernes i Teatersalen, medan det i Lagsrommet var ei økt med stordans med Torbjørn B. Lauen og Audun Grüner-Hegge og Anbjørg Myhra Bergwitz hadde ei økt med turdans.

Det var Solveig Brekke Hauknes som fungerte som primærkontakt mot muskarane. Ho planla ein god og variert dansekveld og fiksa det praktiske vedrørende muskarane, mellom anna innrapportering til Tono. Dei muskarane som trengte det blei innlosjert på Bondeheimen. Skodespelgarderobane ved lagsrommet blei brukt som back-stage.

Rune Hernes Bjerke styrde festen med stødig hand som kjøgemeister gjennom heile kvelden. Vi ville ikkje ha mange lange talar ila kvelden, men fekk i staden ideen om at Rune skulle samle så mange tidlegare leiarar som mogleg til eit felles innslag. Det blei eit kjempefint innslag der heile 14 leiarar var med og fortalte nokre minner frå si tid som leiar av ringen.



## Åremålsleik

**Dato:** 14. november 2019

**Hovudansvarleg frå nemnda:** Karianne Johansen

**Stad:** Teatersalen, Rosenkrantz´ gate 8

Åremålsleik var markering av sjølve 100-årsdagen for stiftinga av Leikarringen i BUL Oslo 14. november 1919.

I tillegg til å feira åremålsdagen, så var dette òg meint å markera siste arrangement av Hundreleik. Sidan åremålsdagen fall på ein torsdag, så var det ikkje dette dagen som var tiltenkt den største festen, det vart lagt til Jubelleik omlag tre veker før. Åremålsleik var tenkt å vera ein verdig hyllest av jubilanten, saman med eigne medlemer, inviterte venner og støttespelarar frå nær og fjern. Etter den første, formelle del av kvelden, så var det ein meir tilbakelent og avslappa stemning og kvar vi kunne klappa oss sjølv på skuldra etter å ha fullført eitt fantastisk jubileumsår, og sjå framover mot dei neste hundre åra.

### Gjennomføring

Dørene vart opna 18:30, sjølve programmet starta kl. 19:00. Det var fri inngong for alle denne kvelden. Tal på gjestar som var registrert i forkant var 140, så kom det til nokon på sjølve kvelden, så totalt var i overkant 150 personar som deltok på feiringa.

Foajeen, trapp, Teatersalen og scena var fint pynta med ballongar, lys, blomar og det var servering av forfriskningar når gjestene kom. Den raude løparen var rulla ut og inn i Teatersalen. Protokoll var lagt ut for at gjestene skulle kunna skriva ei helsing.

- **Konferansierar for kvelden:** Leiar i Leikarringen Audun Grüner-Hegge og styremedlem Aleksander Breiby Herseth
- **Musikk:** Vegar-trio. Besetninga består av Vegar Vårdal, Patrik Andersson og Åsmund Reistad.
- **Ansvarleg for lyd, lys og rigg av teknisk utstyr:** Jøran Normann frå Lagskontoret
- **Kontaktperson mot Banghra-Halling-gruppa:** Liv Hege Skagestad frå Lagskontoret
- **Pynte-/riggenemd:** Sissel Seland og Astrid Skrindo, godt hjelpt av nemda og styret

Raud løpar vart lånt av Oslo Nye Teater. To gilde bursdagskaker vart leverte av Kaffistova som gåve frå Bøndenes Hus AS. Elles bakedugnad for å supplera kakebordet

### Programmet

- Vegar-trio med musikalsk innslag som intro
- Konferansier-duo Audun og Aleksander ønskte velkommen og presentasjon av kvelden. Dei presenterer innslaga under kvar for seg
- Banghra-Halling. Ei framsyning som første gong vart vist fram på opninga av Småleik. Det er prosjekt mellom BUL ved Liv Hege Skagestad, Simon Hesselberg Løvald og Lavleen Kaur

med barn frå Møllergata Skole/2.klassetrinn som er bakgrunnen for framsyninga. Vart veldig godt mottatt, og var ein sjarmerande start på kvelden

- Video frå Hundreleik-året – ein rykande fersk film for å oppsummera Hundreleik blei vist fram. Produsert av Kompani Hanni/Maja Wilhite-Hannisdal
- Helsing frå leiar i BUL – Terje Svindseth
- Helsing frå særлага i BUL – Frå Teaterlaget – sketsj ”Historia til leikarringen på fem minutt” og Songlaget – med ”Bruremarsj av Førde” og ”Auge i vind” tekst Jon Fosse, melodi/arrangement Liv Ulvik
- Helsing frå BUL Sarpsborg ved Tone Eidsvold
- Helsing frå leiar i Noregs Ungdomslag – Torbjørn Bergwitz Lauen
- Innslag frå jubelanten sjølv - Leikarringen med følge av BULder og Brak og TrøBUL
- Avslutning ved at Audun drog opp ein langedans direkte etter at innslaget frå Leikarringen og tok med gjestene i salen. Langedansen vart avslutta omkransa rundt dei to bursdagskakene som vart trilla inn under dansen. «Hurra for deg» på nynorsk og i springartakt blir dratt opp av Songlaget og alle vart med i hyllesten.

Programmet varte ein time og eit kvarter totalt sett. Etter pause og kake/kaffi-serveringa, så spelar Vegar-trio opp i dans. Leia dans av Vegar Vårdal. Songdansen vart leigd av Anne Cathrine Johansen og etter dette fridans. Kvelden vart avslutta kl. 21:30 med broderring.

### **Særskilte gjestar og inviterte**

Leikarringen og BUL Oslo har vore og er ein betydeleg kulturberar, så vart det sendt ut invitasjon til nokre eksterne/offentlege personar til Åremålsleik - Kong Harald V, Kultur- og likestillingsminister Trine Skei Grande, Oslo kommune v/ordførar Marianne Borgen og kulturbyrå Rina Hansen. Ordførar og kulturbyrå takka begge ja, men melde fråfall tett inn på arrangementet.

Utover dette vart invitasjon nært knytt til og samarbeidande organisasjonar - Noregs Ungdomslag, Bygdelagssamskipnaden i Oslo, SAFFA, Rådet for folkemusikk og folkedans (RFF) og FolkOrg

Forutan alle medlemer sjølv sagt og andre som har deltatt på dei ulike arrangementa gjennom Hundreleik, så fekk alle særлага i BUL, inkludert lagsstyret/tilsetja/forretningane invitasjon til Åremålsleik.

Frå Noregs Ungdomslag stilte leiar Torbjørn Bergwitz Lauen og frå SAFFA stilte nestleiar Elin Synnøve Solberg. Frå Bøndernes Hus AS stilte styreleiar Rune Stenersen og frå lagsstyret, leiar Terje Svindseth.

### **Oppsummering**

Åremålsleik vart og eit sær vellykka arrangement med udelt positive tilbakemeldingar og god stemning får medlemmene og gjestene, og vart eit verdig punktum for Hundreleik.